



Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Årsrapport 2018



Nasjonalparkstyret på tur innover til Reindalsseter, 25.-26.juni 2018

Forord

Reinheimen nasjonalpark med landskapsvernområda Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen vart oppretta i 2006.

Nasjonalparkstyret for 2016-2019 vart oppnemnd av miljødirektoratet i brev av 09.02.2016.

Det er tilsett to nasjonalparkforvaltarar som utgjer sekretariatet for nasjonalparkstyret, og som står for den daglege drifta. 2018 er det fyrste heile året med to forvaltarar i sekretariatet til nasjonalparkstyret, der ein er tilsett av fylkesmannen i Oppland med kontor på Norsk fjellsenter i Lom, og den andre er tilsett av fylkesmannen i Møre og Romsdal, med kontor på Norsk Tindesenter i Åndalsnes.

Årsmeldinga gir ei framstilling av nasjonalparkstyret sitt arbeid i 2018, saksmengda, aktuelle tiltak og prosjekt, om bruken av områda, og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde.



Storteppingsranden på Liafjellet ein varm sommardag i 2018.

Lom, 17.06.2019

Kristine Sørli
Nasjonalparkforvaltar Reinheimen

Foto: Dersom det ikkje står fotograf, er biletet i rapporten teke av Kristine Sørli eller Ingvild Øyjordet

Innhald

Forord	2
1. Verneområda – status	4
2. Aktørar i verneområda	4
Nasjonalparkstyret	4
Nasjonalparkforvaltarar	5
Naturoppsynet.....	6
Andre sentrale myndigheter	7
Brukarar.....	7
Sentrale dokument.....	8
3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2018	8
Spesielle saker	9
Økonomi	11
4. Aktivitet	13
Informasjon	13
Skjøtselsplan for heilskaplege kulturlandskap knytt til Reinheimen.....	15
Besøksstrategi	18
5. Vidare arbeid	18
Revisjon av forvaltningsplanen:	18
Kartleggingsarbeid:.....	18
6. Glimt frå 2018.....	20

1. Verneområda – status

Reinheimen nasjonalpark og landskapsvernombordet Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen, vart oppretta i statsråd 24.11.2006. Verneforskriftene set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen for Reinheimen vart godkjend i 2010, og utarbeidd i to fasar med brei prosess i alle dei 6 kommunane; Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Norddal. Forvaltningsplan trekkjer opp retningslinjene for forvaltning av verneområda, og presiserer og utdjupar verneforskriftene. Forvaltningsplan tek og omsyn til krav om likebehandling i saker av lik karakter. Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda.

Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleiing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

2. Aktørar i verneområda

Nasjonalparkstyret

Frå 2007 var det dei 6 kommunane med areal i Reinheimen som hadde forvaltningsansvaret for verneområda innafor sine kommunegrenser. I tillegg var det oppretta eit rådgjevande samarbeidsorgan, kontaktutval for Reinheimen (KUR). Forvaltningsmyndigheita for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernombordet vart overført frå dei 6 kommunane til nasjonalparkstyret hausten 2012. Miljøverndepartementet oppnemnde representantar til nytt nasjonalparkstyre i brev av 08.01.13. Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda, og ein representant frå Reinheimen-Breheimen Villreinutvalg (tidlegare Ottadalen villreinutval). Funksjonsperioden for styret følgjer kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen konstituerte seg for fyrste gong i møte 6. mars 2013.

Styret for perioden 2013 – 2015 var:

Rolle	Ordinært medlem	Varamedlem	Representerar
leiar	Per Magnus Berdal	Kristin G. Sandnes	<i>Norddal kommune</i>
nestleiar	Rolv Kristen Øygard	Bente Aamot Skjåk	<i>Skjåk kommune</i>
styremedlem	Iselin Jonassen	Steinar Håkenstad	<i>Vågå kommune</i>
styremedlem	Bjarne Eiolf Holø	Anne-Lise Marstein	<i>Lom kommune</i>
styremedlem	Steinar Tronhus	Hanne Alstrup Velure	<i>Lesja kommune</i>
styremedlem	Tove Merete Røvik Istad	Torbjørn Rødstøl	<i>Rauma kommune</i>
styremedlem	Rannveig Brennhaug	Stig Aaboen	<i>Villreinutvalget for Ottadalen</i>
styremedlem	Frøydis Austigard	Bjørn Inge Ruset	<i>Møre og Romsdal fylkeskommune</i>
styremedlem	Mariann Isumhaugen	Lars Elsrud	<i>Oppland fylkeskommune</i>

Arbeidsutval for styret for perioden 2013 - 2015:

Rolle	Ordinært medlem
leiar	Per Magnus Berdal
nestleiar	Rolv Kristen Øygard
medlem	Rannveig Brennhaug

Miljødirektoratet oppnemnde representantar til nasjonalparkstyre for 2016-2019 i brev av 09.02.2016.
Nasjonalparkstyret for Reinheimen konstituerte seg i styremøte 14.mars 2016.

Styret for perioden 2016 -2019:

Rolle	Ordinært medlem	Varamedlem	Representantar
leiar	Per Magnus Berdal	Laila Olsen	<i>Norddal kommune</i>
nestleiar	Bjarne Eiolf Holø	Anne-Lise Marstein	<i>Lom kommune</i>
styremedlem	Elias Sperstad	Heidi Banken Fallingen	<i>Skjåk kommune</i>
styremedlem	Svein Blankenborg	Iselin Jonassen	<i>Vågå kommune</i>
styremedlem	Mariann Skotte	Stian Lotten	<i>Lesja kommune</i>
styremedlem	Marit Nauste	Torbjørn Rødstøl	<i>Rauma kommune</i>
styremedlem	Kari Ramen	Jo Trygve Lyngved	<i>Villreinutvalget for Ottadalen</i>
styremedlem	Magnhild Vik	Bjørn Sandnes	<i>Møre og Romsdal fylkeskommune</i>
styremedlem	Aud Hove (2016-2017) Kjersti Bjørnstad (2018-2019)	Øystein Andreassen	<i>Oppland fylkeskommune</i>

Aud Hove gjekk ut av styret i 2017, og vart erstatta av Kjersti Bjørnstad. Miljødirektoratet oppnemnde Kjersti som nytt medlem i Nasjonalparkstyret for Reinheimen frå 2018 og ut styreperioda.

På konstituerande møte 13. mars 2016 vart det og oppretta eit arbeidsutval for styret med følgjande medlemmar:

Rolle	Ordinært medlem
leiar	Per Magnus Berdal
nestleiar	Bjarne Eiolf Holø
medlem	Mariann Skotte
varamedlem	1.vara Elias Sperstad 2.vara Marit Nauste

Arkiv- og økonomifunksjon til nasjonalparkstyret for Reinheimen ligg hos Fylkesmannen i Oppland, med følgjande postadresse:

*Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Postboks 987
2626 Lillehammer
e-post: fmoppost@fylkesmannen.no*

Nasjonalparkforvaltarar

To nasjonalparkforvaltarar utgjer sekretariatet til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.

Nasjonalparkforvaltarane skal gjennom si sakshandsaming bidra til at styret forvaltar områda i samsvar med naturmangfaldlova og verneforskriftene, og følgje forvaltningslova sine regler. Forvaltarane legg fram saker til behandling i styret, driv skjøtsel- og informasjonsarbeid, økonomioppfølging og held kontakt med brukarar av verneområda.

I vedtekten til Nasjonalparkstyret, kap. 6., står det følgjande om Nasjonalparkstyret sitt sekretariat:
«Sekretariatet for nasjonalparkstyret består av ein eller fleire nasjonalparkforvaltar(ar) som vert tilsett

av fylkesmannen i det fylket kontorstaden for vedkomande forvaltar er lokalisert og idialog med styret. Fylkesmannen har personalansvaret for nasjonalparkforvaltaren(ane).»

Ingvild Øyjordet, tilsett fra mars 2017, er lokalisert med kontor på Norsk Tindesenter i Åndalsnes, med fylkesmannen i Møre og Romsdal som arbeidsgjevar. Kristine Sørli har vore tilsett som nasjonalparkforvaltar sidan 2014 med kontor på Norsk fjellsenter i Lom, og med Fylkesmannen i Oppland (Innlandet frå 01.01.19) som arbeidsgjevar. Nasjonalparkforvaltarane er tilsett administrativt hos Fylkesmannen, men er underlagt nasjonalparkstyret i forvaltninga av verneområda. Fylkesmannen har det faglege og administrative ansvaret for nasjonalparkparkforvaltarane, men har ingen instruksjonsrett i forhold til nasjonalparkforvaltaren sitt arbeidet for nasjonalparkstyret. I samråd med nasjonalparkstyret kan fylkesmannen nytte nasjonalparkforvaltaren til andre arbeidsoppgåver ved behov.

I utgangspunktet vert saker i Reinheimen fordelt geografisk fylkesvis mellom forvaltarane, med justering for å få ei jamn fordeling av arbeidsbelastning. I tillegg er spesielle prosjekt, som besøksstrategi og skjøtselsplanar, fordelt mellom forvaltarane i 2018, der Ingvild har hatt hovudansvar for besøksstrategi og Kristine for skjøtselsplanar. Når det gjeld planlegging og gjennomføring av styremøte vert det også fordelt mellom forvaltarane. Som tilsett i Oppland har Kristine i tillegg hovudansvar for økonomiske og administrative oppgåver knytt til drift av styret. Oppfølging av tiltak i verneområdet vil variere utifrå styret si prioritering. Men med to forvaltarar er det naturleg å fordele oppfølging av tiltak på fylkesnivå, for å ta ansvar for kvar sine tiltak/prosjekt. Kristine har også ansvar for den økonomiske og administrative oppfølginga ved bestilling og bruk av tiltaksmidla. Sjølv om oppgåver og prosjekt vert fordelt mellom forvaltarane, er det avgjerande å halde kvarande oppdatert til ei kvar tid for å ha eit godt samarbeid, og avlaste kvarande under t.d sjukdom.

Naturoppsynet

Statens naturoppsyn (SNO) er den utøvande og kontrollerande delen av forvaltninga av verneområda. SNO skal ikkje drive forvaltning, men skal følgje opp miljølovgjevinga og vedtak fatta av nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheter. I tillegg skal naturoppsynet informere, rettleie og gjennomføre tiltak og registreringar.

SNO er organisert som ein del av Miljødirektoratet, med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Per Olav Haugen og Thomas Rødstøl er tilsett i SNO med Reinheimen som hovedområde. Per Olav Haugen har kontor i Bismo i Skjåk, og Thomas Rødstøl har kontor på Åndalsnes i Rauma.

I tillegg kjøper SNO i Reinheimen tenester av fjellstyrrene og andre etter behov. Tenestekjøp omfattar både tilsyn og utføring av tiltak. For Reinheimen blir det kjøpt tenester av fjellstyrta i Lesja, Finndalen og frå Skjåk Almenning, som er privat bygdeallmenning. SNO i Reinheimen bruker også ein stor del av si arbeidstid på registrering av jerv, villreinteljing og jaktoppsyn under villreinjakta og på prioritert arbeid i andre områder.

I 2018 har det også vore få bestillingar på konkrete prosjekt og oppgåver frå Nasjonalparkstyret til SNO i Reinheimen. Nasjonalparkforvaltarane og SNO har årlege møte med i samband med bestillingsdialogen.

Andre sentrale myndigheter

Det er også andre myndigheter som påverkar både bruk og tilrettelegging av verneområda. Kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Norddal har alle areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. I tillegg har Reinheimen-Breheimen Villreinutvalg ein representant i styret. God dialog med villreinutvalget er særleg viktig for og ivareta villrein sitt leveområde. Kommunane har myndighet etter plan- og bygningslova og motorferdselslova. I enkelte saker må søkerane avklare søknad om løyve til kjøring både etter reglane i verneforskrifta og generelt lovverk (plan- og bygningslova eller motorferdselslova). Administrativt kontaktutval, oppretta i 2013, held fram i Reinheimen. Utvalet er samansett med ein administrativt tilsett frå kvar kommune og fylkeskommune, og ein frå besøkssenter nasjonalpark. Utvalet skal bidra til best mogleg kommunikasjon mellom administrativt nivå for nasjonalparkstyret, kommunane og fylkeskommunane.

Fylkesmennene hadde forvaltningsmyndighet for verneområda fram til opprettning av kommunal forvaltning/KUR i 2007 og nasjonalparkstyret i 2013. Miljøvernnavdelingane har lang erfaring og fagkunnskap som nasjonalparkforvaltarane kan nyte i sitt arbeid, og forvaltarane deltek på avdelingsmøter og fagsamlingar hjå fylkesmannen der dette er relevant. Fylkesmannen i Oppland vert formelt slått saman med Hedemark frå årsskifte, og da vil forvaltarane i Innlandet bli organisert i eit større fagmiljø og eiga team på 12 forvaltarar.

I tillegg har fylkesmennene klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

Fylkeskommunane er representert politisk i nasjonalparkstyret og i administrativt kontaktutval. I tillegg har fylkeskommunen myndighet etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til kulturminneskjøtsel, restaurering og bygningsfagleg kompetanse.

Brukarar

Reinheimen er villmark og brukspark, med interesser spesielt knytt til tradisjonell lokal og regional bruk som jakt, fiske, beitebruk, seterdrift og landbruksnæring. Dette fører til behandling av relativt stor mengde enkeltsaker, særleg søknader om motorisert ferdsel og byggesakar.

Det er god forståing og liten konflikt mellom verneinteresser og landbruk innan verneområdet. For å ivareta verneverdiane er det viktig at vernemyndigheita har eit godt samarbeid med dei ulike bruukeinteressene og private aktørar i området.

Reiselivet i Reinheimen er beskjeden, men kjende attraksjonar som Trollveggen og Trollstigen står likevel i ei særstilling, med årleg besøkjande på over 800 000. I Reinheimen vart det gjennomført besøksundersøkingar i 2011. Desse undersøkingane påvisar både staus og utfordringar for nasjonalparkforvaltninga. Besøksundersøkinga viser at Reinheimen er et to-delt område i forhold til bruk. Størst besøk i nordvest (typisk turistar og utlendingar), mindre i søraust (lokal og regionalt besøk). Attraksjonar som Trollstigen og Trollveggen i nordvest har på ei anna side ca. 1. mill besøkande i året!!

- Reinheimen er lite kjent som reisemål, mykje tilfeldig bruk i samband med rundreise
- Mest lokalt, regionalt besøk (Austlandet og Nordiske land manglar?)
- 33% utlendingar
- Besøk frå Austlandet og Nordiske land manglar - uutnytta potensiale i marknaden!
- Behov for å gjera nasjonalparkstatusen kjent! Informasjonsarbeid!

- DNT (Ålesund-Sunnmøre) er den viktigaste kjelda til informasjon for dei besøkande, jf. undersøkinga

I samband med arbeidet med besøksstrategien vart det gjennomført ei kartlegging av reiselivsbedrifter i verneområda, og i kommunane kring verneområda.

Sentrale dokument

Naturmangfaldlova vart sett i kraft 01.juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og generelle unntaksreglar i verneforskriftene er erstatta av §48 i naturmangfaldlova.

Verneforskrifter for Reinheimen nasjonalpark, Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen, Tafjorden-Reindalen landskapsvernområder og Brettingsmoen naturreservat, vart sett i kraft 24.11.2006.

Forvaltningsplan for Reinheimen vart vedteken i mars 2010, og skal reviderast etter 10 år.

3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2018

Nasjonalparkstyret består av representantar som er geografisk spreidde og med andre politiske verv i tillegg. Det er lagt opp til minimum 4 fysiske møte i løpet av året. Ved behov vert arbeidsutvalet (AU) nyttta for å behandle dispensasjonssaker som ikkje er delegert til forvaltar, men som krev politisk behandling.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen hadde 5 møte i 2018, og behandla **59 saker**.

1/18	5. mars	Norsk fjellsenter, Lom
2/18	20.april	Telefonomøte
3/18	25.-26.juni	Reindalsseter (synfaring og overnatting)
4/18	19.-20.sept.	Grotli Høyfjellshotell (inkl. møte med rådgjevande utval, og synfaring på Billingen)
5/18	3.desember	Vågå Hotel

Arbeidsutvalet hadde 2 møte i 2018 og behandla **2 saker**.

1/18	23.04.18	Lesja
2/18	05.07.18	E-postbehandling

Forvaltarane har i medhald av delegert myndighet gjort administrative vedtak i **45 saker**.

Under er ei oversikt over vedtak i nasjonalparkstyret, AU eller Adm. vedtak, fordelt etter sakstype:

Type saker	Tal vedtak 2015	Tal vedtak 2016	Tal vedtak 2017	Tal vedtak 2018
Adm./generelle vedtak (Styre/AU)	18	29	24	22
Vedtak om motorferdsel, inkl. drone (Styre/AU/Adm.)	72	72	43	38
Vedtak om tilrettelegging (bygg, anlegg, bru, inngjerding, stiar o.l.) (Styre/AU)	16	15	11	14

Vedtak om plassering båtar, lavvo, garnkasse	3	3	2	4
Vedtak om arrangement, ferdsel	1			3
Generelle uttaler	3			
Vedtak om plan og planarbeid	2		1	2
Vedtak om økonomi	2	2	2	2
Klagebehandling	1		1	4
Andre tiltak(Styre/AU)	3	7	6	1
Sum	121	128	90	90

Aktiviteten i 2018 ber som tidligere år preg av mange enkeltsaker innafor verneområdet. Det er behandla nøyaktig like mange saker som i 2017, men færre motorferdselsaker og totalt færre enkeltsaker enn i 2015 og 2016. Tal på byggesaker og liknande held seg framleis jamt høgt i verneområda. Søknader om motorisert ferdsel er relativt forutsigbart, da det stort sett er knytt til faste transportføremål. Oppfølging av tiltak i verneområdet med synfaring og møter, og saker knytt til administrasjon, økonomioppfølging er som tidlegare år.

Spesielle saker

Nasjonalparkstyret for Reinheimen er bevisste på at verneområda skal har eit «spesielt strengt vern mot inngrep og motorferdsel ved behandling av einskildsaker», og dei ser heilskapen i verneområda – på tvers av kommune- og fylkesgrenser.

Helikopterflyging

Styret har gjort prinsipielle vedtak på søknader om landing og låg flyging med helikopter i verneområdet i samband med filmopptak til TV og PR tiltak. Det vert gjeve avslag på søknader som skal marknadsføre produkt der naturen og verneområdet primert er ei kulisse. Nasjonalparkstyret meiner at slik motorisert trafikk bør leggast utanom verneområdet. Dersom filmopptaka skal formidle kunnskap om verneverdiane, har nasjonalparkstyret i nokre saker gjeve dispensasjon til bruk av motorisert framkomstmiddel om det er heilt nødvendig.

Drone


Bruk av drone er ei relativt ny sakstype, men det er med jamne mellomrom søknadar om bruk av drone i samband med filmproduksjon, overvaking og i samband med kartlegging, t.d ras og ustabile fjellparti, kulturminne og beitedyr. Regulering av drone i verneområda skal etter kvart innarbeidast i ny verneforskrift for Reinheimen, eit arbeid som starta opp i 2017, men som har teke lenger tid enn forventa. Nasjonalparkstyret gjorde derfor eit vedtak, 19.09.18 i sak 2018/4499, for å forenkle behandling av søknader om bruk av drone. Bruk av drone i verneområdet skal haldast på eit minimum og avgrensast til «nytteflyging», jf. matrisa under:

Type søknad	Reinheimen nasjonalpark	Mannen	Vilkår ved ja / grunngjeving på avslag	Døme saker ephorte
Forsking, natur-dokumentasjon	Ja, men på vilkår	Ja	Styre unna sårbare område på sårbare årstider	2018/3516
Overvåking rasområde	Ja	Ja		2015/4791
Naturprogram, Formidling av Reinheimen	Ja, men på vilkår	Ja	Styre unna sårbare område på sårbare årstider	2017/2652 2016/6126
Landbruksføremål	Ja, men på vilkår	Nei		2017/925 Prøveprosjekt 2018

Reiselivs-destinasjon, overordna marknadsføring	Ja (Trollstigenområdet) I utgangspunktet nei i andre område.	Ja, men på vilkår	Ikkje marknadsføre aktivitetar til ulike årstider i sårbare område. Kan gå ut over verneverdiane, og såleis ikkje grunnlag for å bruk § 48.	
Enkeltbedrift lokalisert i verneomr.	Nei, krav om samordna søknad for reiselivsselskap/destinasjon	Nei	Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning	
Arrangement/ konkurransar, promoterings-video	Nei	Nei	Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning	
Aktivitetsfirma tur-dokumentasjon for grupper	Nei	Nei	Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning	
Private turar , film for sosiale media - Facebook, YouTube	Nei	Nei	Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning	
Nyheitsformidling/ riksmedia	Strenge vilkår	Ja	Må vera ein alvorleg situasjon av stor allmenn interesse	2017/6068 2018/3913
Underhaldnings-program	Nei	Nei	Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning	
Spelefilm	Nei	Nei	Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning	
Reklame	Nei	Nei	Reklame kan leggjast utanom verneområde, eller avgrensast til opptaksformer som ikkje utløyser behov for disp.	

Basestasjonar for nasjonalt naudnett

Etablering av 3 basestasjonar for nasjonalt naudnett på fjelltoppane Hurrungen (ROL089), Skarvedalseggen (ROL100) og Skarfjellenden (RMR057) i verneområdet har ført til auka helikopterflyging i verneområdet. Basestasjonane er markert med raudt i kartet under:



Basestasjon på Hurrungen vart utbetra hausten 2017, pga store driftsproblem. Både forvaltar og nasjonalparkstyret har peika på utfordringane overfor dei driftsansvarlege. I 2018 har det ikkje vore spørsmål om ekstra flyging/bruk av snøscooter for vedlikehald og ettersyn. Det kan virke som basestasjonane no fungerer betre.

Endring av verneforskrift

Endring av verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, (sak 2017/1242):

Det er i Meld. St. 18 (2015-2016), foreslått og å opne for sykling på vegar og stigar i nasjonalparkar og landskapsvernområda. I 2018 har det ikkje vore framdrift i arbeidet med forskriftsendring.

Økonomi

Kvar haust vert det søkt om tiltaksmidlar for det kommande året i verneområda (bestillingsdialogen).

Nasjonalparkstyret meldte inn behov for finansiering av tiltak på hausten 2018. Etter tildeling av midlar til verneområdet i mars 2018, prioriterte nasjonalparkstyret tiltak for gjennomføring i løpet av året.

Tiltaksmidlar for 2018 (bestillingsdialogen)	Tildeling	Tillegg	Regnskap	Gjennomføring, merknad
Skjøtsel*				
<i>Skjøtsel Romsdalen Ivo</i>			7 040	Geir Hanekamhaug
<i>Skjøtsel Lordalen Ivo</i>			11 200	Kent Nyløkken
<i>Skjøtsel Finndalen Ivo</i>			0	Private, SNO
Stiarbeid, tilrettelegging				
<i>Nedre del av Kløvstigen, stig ut til Stabbeskardet</i>			180 000	Rauma kommune, Nils Hole, dugnadsgjeng
<i>Ny gangbru over Råkå på Vangen i Finndalen Ivo</i>			100 000	Finndalen fjellstyre
Informasjon/innfallsport				
<i>Verneskilt, restordre</i>			5 370	Grafika AS (rammeavtale)
Kulturminner				
<i>Oppdatering kulturminnebase Askeladden</i>			99 075	Fylkeskommunene i Møre og Romsdal og Oppland
<i>Forskningsutgraving på Verket</i>			10 000	Kulturhistorisk museum v/Britt Solli
Uføresett, bruk av restmidler				
<i>Opprydding av glasopor i Risheimøy i Ottaelva</i>			11 702	SNO v/Per Olav Haugen
SUM	460 000		424 387	
<i>*Skjøtselsavtaler med private, avsett rund sum kr. 100 00</i>			35 613	Rest 2018
<i>Restmidlar, på fond i Lesja kommune</i>			46 734	<i>Forskningsutgraving på Verket, v/Kulturhistorisk museum, Britt Solli</i>

Drift		Budsjett	Rekneskap
Sekretariat(Oppland)	kontorhald, reiser, m.m. utanom løn	100 000	79 563
Sekretariat (Møre og Romsdal)	kontorhald, reiser, m.m. utanom løn	<i>Ikkje eiga budsjett/rekneskap</i>	
Styret og utvala	Reise- og møtegodtgjersle nasjonalpark Reiseutgifter rådgjevande utval, Administrativt kontaktutval	400 000	268 806
Besøksstrategi	Outt AS, Seminarar forvaltar MR	100 000	99 064
Skjøtselsplan	Skjøtselsplan for heilskaplege kulturlandskap i verneområde knytt til Reinheimen (kontrakt: Miljøfagleg utredning AS)	300 000	314 800

Nasjonalparkstyret får tildelt budsjettmidlar til drift, og arbeid med forvaltningsplanar, besøksstrategiar og skjøtselsplanar. Fylkesmannen i Oppland sender eit samla budsjettforslag til Miljødirektoratet på vegne av Nasjonalparkstyret. Driftsmidlane vert tildelt fylkesmannen i Oppland, men disponerast av nasjonalparkstyret. Drift av sekretariatet kjem i tillegg, og er lagt til miljøvernnavdelingane hjå fylkesmannen i Oppland og i Møre og Romsdal. I Oppland er sekretariatet til nasjonalparkstyra skild ut som eiga postar i driftsrekneskapen.

Ulovlege tiltak

Det er teke tak i eit ulovlege forhold i verneområdet i 2018. Saka gjeld oppføring av eit ulovleg tilbygg på seterfjøs i Finndalen landskapsvernområde. Saka er ferdigbehandla av nasjonalparkstyret, og er sendt miljødirektoratet som klageinstans for endeleg avgjersle.

Det andre forholdet var ulovleg oppføring av utedoar ved gjeterhyttene i Trihøa og ved Nørdre Berget. Oppføring av nye utedoar ved gjeterbuene utan at det er søkt om, er eit alvorleg brot på vernereglane, og vart følgt opp av sekretariatet, for vidare avgjersle i styret.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har følgt opp ei sak om fjerning av eit ulovleg bygd uthus, i medhald av naturmangfaldlova § 69. Dette er ei gammal sak frå 2014, og fylkesmannen har følgt opp denne saka sidan Nasjonalparkstyret skal følgje opp ulovlege forhold i verneområdet, jf. Veileder M-617 | 2016.

Andre utval

Det er oppretta eit rådgjevande utval for Reinheimen, som består av 31 representantar for dei ulike interessene i området; grunneigarar, andre offentlege organ, fjellstyrer, næringsliv, friviljuge organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Det vart gjennomført møte med Fagleg rådgjevande utval 19.-20. sept. 2018.

Administrativt kontaktutval for Reinheimen deltok på møte i rådgjevande utval på Grotli 19.-20.sept. 2018. Fagutvalet består av 9 personar, med representantar frå kommuneadministrasjon, fylkeskommunen og besøkssenteret.

4. Aktivitet

Informasjon

Det er etablert 18 informasjonspunkt med informasjonsplakatar kring Reinheimen. I tillegg er det 32 mindre informasjonstavler, 7 skilt om ferdsselsreglar, 6 bronseplakettar og 100 verneområdeskilt.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har nettsida <http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/>, og har side på facebook <https://www.facebook.com/Reinheimennasjonalpark/>, og konto på Instagram <https://www.instagram.com/reinheimennasjonalpark/?hl=nb>

SNO og nasjonalparkforvaltar har delteke og informert på arrangement, møter, seminar og på ulike synfaringar. Som jaktoppsyn, er SNO også i direkte kontakt med jegerar under villreinjakta.

Det er ikkje tilsett naturrettleiar for Reinheimen, og skuleopplegga vert tilfeldige etter behov og initiativ frå skular, og andre organisasjonar. SNO skal i mindre grad drive med naturveiledning, og det er besøkssenter nasjonalpark som i si tildeling skal stå fram som knutepunkt for naturveiledning i verneområda.

Oversikt deltaking kurs, konferansar og informasjonsverksemnd 2018

Dato	Kurs, konferansar - Tema	Forvaltar	Frå NP-styret
10.-12.april	Forvaltarsamling i Trondheim – Besøksstrategi mm, Miljødirektoratet	Kristine	
16.-18.okt.	Miljøfagkonferansen 2018 haust, generelle tema for miljøvernadv., Trondheim	Ingvild	
25.-26.okt.	Seminar villrein og ferdsel, Geilo	Ingvild	
21.-23.nov.	Nasjonalparkkonferanse i Nordland, «Velkommen inn 2018»	Ingvild	Bjarne E. Holø

Informasjon, fordrag, deltaking i formelle møte, representasjon arrangement, 2018

Dato	Tema	Repr.
15.02.	Formidling Vågå U.skule., 10.kl prosjekt	Kristine, Ingvild
22.02.	Ope møte om utgraving på Verket, Lesja	Kristine, Ingvild
07.06.	Fagdag GuideRomsdal	Ingvild
12.06.	Synfaring bruver ÅST	Ingvild
13.06.	Synfaring Finndalen	Kristine, Ingvild
16.06	Opning ny utstilling Norsk fjellsenter	Kristine, Ingvild, Per Magnus Berdal
09.07.	Oppstartsmøte skjøtselsplan Gravdehaug	Ingvild
06.08.	Oppstartsmøte skjøtselsplan Finndalen	Kristine, Ingvild
09.08.	Oppstartsmøte skjøtselsplan Lordalen	Kristine, Ingvild
10.08.	Oppstartsmøte skjøtselsplan Muldalen	Ingvild
13.08.	Oppstartsmøte skjøtselsplan Brøstdalen	Kristine, Ingvild
12.08	Ope dag på Verket - forskningsutgraving	Kristine, Ingvild
19.-20.09.	Samling fagleg rådgjevande utval, administrativt kontaktutval, NP-styret Reinheimen, Grotli, tema besøksstrategi	Kristine, Ingvild
12.11.	Formidling Vågå U.skule. prosjekt	Ingvild
16.11.	Presentasjon besøksstrategi for villreinnemnda Reinheimen-Breheimen	Ingvild

Møte med eksterne partar 2018

(utanom styremøte, AU, fagleg rådgj., interne arbeidsmøter nasjonalparkforvaltarar, fylkesmannen og SNO)

Dato	Tema		Andre
16.01	Møte – bruk av område til jaktprøve for stående fuglehunder i Skjåk	Kristine	Norsk Gordonsetter Klub v/Arvid Holme, SNO, Tor Taraldsrød, Knut Granum, Birgit Bilstad
23.- 24.01	Teamsamling forvaltarar, Lillehammer	Kristine, Ingvild	Forvaltarar i Oppland
31.01.	Møte Reiselivssjef Åndalsnes	Ingvild	Hilde G. Bakke.
06.02.	Møte nasjonalparkriket reiseliv	Ingvild	Ole E. Bjørnstadhaugen
19.02	Innhald ny utstilling på Norsk fjellsenter	Kristine	Kari, Bjørn
28.02.	Møte om Slettvikane, Valldal	Ingvild	Kommune, SVV,++
26.04	Møte om kulturminne i Reinheimen, Askeladden og sårbarhetsvurdering	Kristine, Ingvild	Per Olav Haugen, Thomas Rødstøl, Kristoffer Dahle, Nina Hildre, Anne Engsveen
26.04.	Møte med prosjektleiar for Villreinløypa, besøksstrategi	Ingvild	Ellen Marie Sørumsågård Syse
23.05	Skjøtselsplaner for Reinheimen 2018 – forarbeid, underskriving kontrakt	Kristine	Bjørn Harald Larsen
06.06.	Synfaring Kløvstigen	Ingvild	Nasjonale tursitveger, Rauma kommune, Nils Hole
18.06	Møte/synfaring Slettvikane	Ingvild	Norddal kommune, SNO, ++
19.06.	Møte i arbeidsgruppa på Billingen – aktuelle tiltak på Billingen 2018	Kristine	SNO, Bjørn Dalen, Birgit Bilstad, Marianne Stensgård
29.- 30.08.	Teamsamling forvaltarar, Sognefjellet og Billingen	Kristine, Ingvild	Nasjonalparkforvaltarar i Oppland, Sogn- og fjordane, Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Oppland
12.09.	Møte tindesenteret	Ingvild	
27.09	Møte om oppfølging av byggetiltak på Meramstadsetra, Finndalen lvo	Kristine	Leif Morten Plassen, Olav Maurstad, Øystein Tofte
07.11.	Møte forvaltarar og SNO, Norsk tindesenter	Kristine, Ingvild	Per Olav, Thomas
15.11	Samarbeid forvaltarar - besøkssenter	Kristine	Kari Sveen, Mai Bakken
27.11.	Møte regional faggruppe utmark	Kristine, Ingvild	Adm.tilsette for plan/miljø i Vågå, Lom, Lesja, Skjåk, Sel, Dovre
28.11.	Teamsamling forvaltarar, Otta	Kristine, Ingvild	Forvaltarar i Oppland
30.11.	Skjøtselsplanar, oppsummeringsmøte	Kristine, Ingvild	Per Olav, Thomas, Bjørn Harald Larsen.

Skjøtselsplan for heilskaplege kulturlandskap knytt til Reinheimen

Kulturlandskapet er ein viktig del av verneføremålet i landskapsvernområda. I 2018 vart det etter ein omfattande tilbodskonkurranse inngått kontrakt med Miljøfagleg Utredning AS, om å revidere og utarbeide nye skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap i verneområda knytt til Reinheimen.

Nasjonalparkstyret vedtok oppstart og framdriftsplan på styremøte 26.06.18.

Lokal medverknad

Nasjonalparkforvaltninga er avhengig av eit godt samarbeid med lokale aktørar i områda for å ivareta landskapsverdiar, derfor er lokal medverknad viktig.

Det vart gjennomført oppstartsmøte og synfaringar med aktuelle partar i områda juli-august.

Føremålet med synfaringa:

- orientere om arbeidet med skjøtselsplan, og få innspel til arbeidet.
- få informasjon frå dei som brukar områda om kva aktivitet/bruk som er aktuelt framover, som t.d. restaurering og skjøtsel av areal, bygningar, steinmurar, stiar/råk.

Det var totalt 54 deltakarar på dei 5 oppstartsmøta. I etterkant av oppstartsmøta gjennomførte Miljøfagleg utredning feltarbeid og kartlegging i områda.

9.juli – Gravdehaug, 5 deltakarar




6.august – Finndalen, 21 deltagarar



9.august – Lordalen, 10 deltagarar



10.august – Muldalen, Tafjordsætra, 6 deltagarar



13.august – Brøstdalen, 12 deltagarar



30.11.18 hadde forvaltar eit møte med Miljøfagleg utredning og SNO for ei oppsummering av feltsesongen 2018, og for å vurdere vidareføring av planarbeidet i 2019 på Vermedalssætra og Reindalssætra. Etter møtet sendte Miljøfagleg utredning AS eit tilbod på tilleggsarbeid på to nye områder i 2019, som grunnlag for innmelding av behov for tiltaksmidlar i 2019. Tilleggsarbeid er i samsvar med inngått kontrakt.

1.utkast til skjøtselsplanrapportane vart motteke 15.12.18. Når dei endelige rapportane ligg føre våren 2019, vert dei sendt på høyring for innspel og merknader frå lokale brukarinteresser og offentlege instansar i områda. Nasjonalparkstyret for Reinheimen skal vedta planane etter hyring.

Besøksstrategi

Arbeidet med besøksstrategi for verneområda i Reinheimen starta formelt opp med vedtak av prosjektplan i 2017. For året 2018 har fokuset i prosjektet vore prosess, med utarbeiding av kunnskapsgrunnlag inkludert innhenting av kunnskap frå ulike aktørar. Involvering og medverknad er vektlagt, med arrangerte møte og samlingar for definerte utval samt enkeltmøte med spesielt reiselivet for dialog og framgang i prosjektet. Som ein del av kunnskapsgrunnlaget er det i 2018 utarbeida ei reiselivskartlegging i regi av nasjonalparkforvaltar for vidare arbeid med besøksstrategi:

[Vedlegg1 - Reiseliv og besøkande i og rundt Reinheimen - som grunnlag for vidare arbeid med besøksforvaltning](#)

I samband med reiselivskartlegginga vart det gjennomført ei reiselivsundersøking digitalt, utsendt til reiselivsaktørar i og rundt Reinheimen: både knytt til guiding og aktivitet, servering og overnatting.

Rapport om sårbarheitsvurdering rovfugl levert av Miljøfagleg utredning er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget til besøksstrategien på fugl. I tillegg er villrein ein vesentleg del av kunnskapsgrunnlaget.

I 2018 vart det gjennomført møte med administrativt kontaktutval på Lesja 23.04. med tema besøksstrategi. I tillegg var AU for Reinheimen nasjonalparkstyre til stades. Villrein og innfallsportar var sentralt, og det vart gjennomført eit gruppearbeid for å belyse desse tema inn i ein besøksforvaltningssamanhang.

På styremøte i nasjonalparkstyret for Reinheimen på Reindalseter 26.06.2018 vart fyrsteutkast av besøksstrategien lagt fram.

Ei todagarssamling med tema besøksstrategi vart heldt på Grotli 19.-20.09.2018 for fagleg rådgjevande utval, administrativt kontaktutval og nasjonalparkstyret. Utkast til besøksstrategi vart presentert og det vart gjennomført eit gruppearbeid med ulike «casar» for å få dialog mellom deltakarane. Dag to var det synfaring på Billingen.

På styremøte for nasjonalparkstyret i Reinheimen 03.12.2018 vart besøksstrategien lagt fram av nasjonalparkforvaltar før sending til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning. Når strategien er fagleg godkjent er neste ledd i prosessen høyningsrunde før endeleg vedtak i nasjonalparkstyret.

5. Vidare arbeid

Revisjon av forvaltningsplanen:

Forvaltningsplan for Reinheimen var godkjent i 2010. Forvaltningsplan skal normalt reviderast etter 10 år. Sjølv om gjeldande forvaltningsordning i Reinheimen var på plass etter 2010, så er det pr. i dag ikkje starta opp med det omfattande arbeidet med revisering. Det er i fyrste omgang gjort ei prioritering av å få på plass besøksstrategi for Reinheimen.

Kartleggingsarbeid:

Det var ein omfattande prosess med kartlegging og systematisering av verneverdiane i området i forkant av at Reinheimen nasjonalpark vart oppretta i 2006. Det er eit auka fokus på å sette konkrete målsettingar for utviklinga i verneområda (bevaringsmål). Kartleggingsarbeid for å styrke

kunnskapsgrunnlaget er aktuelt i åra framover, og avgjerande for å få til ei målstyrt forvaltning av verneområda fram i tid. I tillegg til kunnskap om naturverdiar i verneområdet, så er det på tide med ei ny besøksundersøking for å oppdatere kunnskap om besøkande til verneområda.

6. Glimt frå 2018

Synfaring Kløvstigen 06.06.2018 – med Nasjonale tursitveger, Rauma kommune, Nils Hole.



Fagdag med GuideRomsdal 07.06.2018 – tema nasjonalpark, flora, fauna, kulturminne.



Styremøte og synfaring Reindalssætra, 25.-26.juni



Ope møte om forskningsutgraving på Verket, Britt Solli t.v, 12.08.2018



I Gravdalens, med Vågå ungdomskule, 4.sept.



Møte og synfaring med rådgjenvende utval på Grotli og Billingen, 19.-20.sept.

